

Referat FAU-møte Bryne skule

Tid: Måndag 02.03.26 kl.19.00-20.00

Stad: Bryne skule, møterom

Til stades: Jone Siqveland, Lene Austli, Marlen Erga-Frøyland, Kristin Hole Soldal, Berit Hetland Nersten, Magda Line, Thomas Rake og Elisabeth Opshaug

Sakar:

Informasjon frå rektor:

- Positive tilbakemeldingar etter at heile skulen var på kino som «premie» for god refleksbruk.
- «Lagåndveka» (fokus på mangfald og fellesskap) om to veker.

Foreldremøte om digital praksis i skulen

- Godt møte med relevant innhald. For å dele budskapet med fleire vert PowerPoint presentasjon frå møtet sendt ut via Visma til alle føresette. Det er samtalar rundt «smarttelefonfri barndom» på fleire trinn nå. Kan elevar/lærarar på 7. trinn dele erfaringar med yngre elevar/føresette?

Evaluering av elevkveldar

- Vel gjennomførte elevkveldar. 1. og 2. trinn kunne kanskje klart seg med ein time? Kulturskulen hadde reservert speilsalen, så dei yngste elevane fekk ikkje bruke det rommet under elevkvelden. Det var veldig uheldig.

Eventuelt/Sakar til neste møte

- Årets første trinn - skal dei halde på tre klassar eller slå dei saman til to større grupper, og ev. når? Mange føresette på trinnet ønskjer å halde på tre klassar. Skulen tek det med i vurderinga, men informerer om at det vert samanslåing på sikt slik elevtalet er nå.

Neste møte: 13.04.2026 kl. 19.00

Referent: Elisabeth Opshaug